

INSTRUKTØRSEMINAR

24. september 2011
Skei i Jølster

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skipar i samarbeid med
Fylkesmusikarordninga til instruktørseminar
laurdag 24. september, kl. 11.00-17.00 på Skei Hotell.

Seminaret er ope for alle som ønskjer å delta - vel møtt!

DEL I: Innleiingar

Martin Myhr og Sigmund Eikås - to nestorar innan opplæring og rekruttering.

Kva er målet med opplæringa, og kva lærer vi bort? Kan instruksjonsarbeidet vere med på å utvikle instruktøren som utøvar og musikal/dansar, og korleis? Korleis kan vi formidle vår musikalske idé og filosofi? Kva er "trylleingrediensen" som gjer at ein lukkast? Kven ønskjer vi å skape? Den danse-/musikkglade, eller einaren som gjer suksess?

DEL II: Introduksjonar

INTRO Suzuki-metoden v/ Britta Skärby-Vindenes

Suzuki-metoden vert også kalla morsmålsmetoden, og tek utgangspunkt at metoden for å lære musikk er den same som for språk – via øyret.

INTRO Teknologiske hjelpemiddel og programvare v/ Synnøve S. Bjørset

Korleis finne fram i mylderet av "duppedingsar", kva programvare er tilgjengeleg – og korleis fungerer dei eigentleg?

DEL III: Miniverkstader

- a) **Suzuki for strykarar** v/ Britta Skärby-Vindenes
- b) **Musikleikar og rymteøvingar** v/ Synnøve S. Bjørset
- c) **Melodiverkstad** v/ Sigmund Eikås

Det vil bli lagt til rette for plenumsdebatt og erfaringsutveksling for alle seminardeltakarane.

Les meir på www.folkemusikklaget.no

Påmelding til post@folkemusikklaget.no snarast og innan 9. september.
(Gje opp namn og fakturaadresse).

Seminarpris kr. 850,- (inkluderer seminaravgift og dagpakke med lunsj og kaffipausar på Skei Hotell)



OM INNLEIARANE:

Martin Myhr

Dansar og dansepedagog Martin Myhr er ein kapasitet utanom det vanlege. Og han har lukkast med det andre tykkjer er vanskeleg og utfordrande: danserekruttering og eit levande dansemiljø. Dei siste 30 åra har han vore mellom dei alle fremste hallingdansarane i landet, og har gjennomført over 3 000 framsyningar der han i tillegg til å vere dansar ofte har vore idémakar, initiativtakar, manusforfattar og instruktør.

I Hallingdal har Martin sett i gang eit imponerende prosjekt. Nærmare 100 born og unge dansar laus og springar som det mest naturlege i heile verda. Og dei arrangerer dansefestar av den gode gamle sorten. Det er håp for dansen i Hallingdal – og det er kanskje takka vere Martins metode?

Sigmund Eikås

Sigmund Eikås er ein nestor innan rekruttering, og har vore ein tålmodig, inkluderande og engasjerande instruktør i heile 37 år! Fleire av elevane hans er i dag mellom dei fremste utøvarane i landet på sitt instrument, og han har klart å skape eit stort og aktivt folkemusikkmiljø rundt seg.

Sigmund er fødd og oppvaksen på Jølster i Sunnfjord, og hans sitt sikre fotfeste i folkemusikken gjer han til ein engasjert og entusiastisk utøvar og formidlar slåttemusikken, både som instruktør og i konsertsalen. I 1994 gav han ut soloplatå Jølstring med slåttar frå Sunnfjord, og same året fekk han Rådet for folkemusikk og folkedans sin heiderspris. I 2001 fekk han fylkeskulturprisen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Britta Skärby-Vindenes

Britta Skärby-Vindenes er fiolinist og utdanna suzuki-pedagog. Ho arbeider ved Kulturskulen i Bergen og underviser i metodikk og praksis ved Griegakademiet. Som utøvande muskar har ho turnert for Rikskonsertene, vore muskar på Hordaland teater og Den nasjonale scene, spelt i Bergen Operaorkester, Collegium musicum, Bergen Kammerorkester, Norsk Barokkorester, Bergen Barokk og Les Femmes.

Synnøve S. Bjørset

Synnøve S. Bjørset er utdanna hardingfelespelar frå Norges Musikkhøgskole og kan vise til utstrakt turnéverksemd i inn- og utland både som solist og som medverkande i Majorstuen og andre kritikarrote ensemble. I tillegg til å vere utøvar, driv ho hardingfeleinstruksjon på fleire nivå.

